

Samnanger Senterparti

2019 – 2023



Senterpartiet vil byggja samfunnet nedanfrå. Me vil arbeida for eit samfunn der menneska kan utvikla seg fritt. Samfunnskontrakten skal oppfyllast av myndige menneske som tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og for naturen. Verdigrunnlaget til Senterpartiet er den kristne og humanistiske kulturarven. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og menneskeverdet er ukrenkjeleg og overordna andre verdiar.

– *Senterpartiet sitt verdisyn*



T. Vedum og Ø. Røen, Tysse 2016

Samnanger skal vera ein god kommune å bu, leva og skapa i. Senterpartiet sitt viktigaste mål er å ta vare på innbyggjarane i Samnanger og sørge for at dei vel å busetja seg i bygda vår. Me ønskjer å desentralisera makt og oppgåver, fordi det gjev god lokal forvaltning og nærliek mellom innbyggjarane og avgjerdene som skal takast. Me har tillit til enkeltmennesket, og me trur at folk som får ansvar og handlingsrom, vil arbeida til beste for fellesskapet. Gode løysingar kjem der folk møtest. Me ønskjer at dei tilsette i førstelinja i kommunen skal få større fridom til å finna gode løysingar lokalt. Samspelet mellom innbyggjarar, tilsette og folkevalde i kommunen vert best ved å inkludera og å ha mest mogleg openheit i organisasjonen vår. Senterpartiet vil ha eit livskraftig lokalsamfunn og ønskjer deg med på laget.

Det går rette vegen

Ved valet for fire år sidan var Samnanger i ein vanskeleg økonomisk situasjon. Kommunen gjekk med underskot, og dei kommunale fonda var om lag tomme.


Dei politiske partia hadde ulike løysingar for korleis denne situasjonen skulle møtast. Fleire parti ville gje opp Samnanger kommune og leggja oss inn under ein større kommune. Senterpartiet ønskte å gje Samnanger ein sjanse og meinte det var mogeleg å snu den negative utviklinga i kommunen.

Senterpartiet var med på å vinna valet i 2015, og me fekk òg fleirtal året etter – i folkerøysting og i kommunestyret – for at Samnanger skulle leva vidare som eigen kommune. Dermed kunne me starta arbeidet med å få orden på kommuneøkonomien.

No i 2019 ser det lysare ut for Samnanger. Kommunen «går i pluss», og me er i ferd med å fylla opp «sparekontoen» (fond) for møta utgifter og utfordringar utover den daglege drifta. Men framleis må me føra ein varsam og langsiktig økonomisk politikk i Samnanger, slik at me kan stå endå sterkare i arbeidet med å gjera Samnanger til ein god kommune å bu i.

Samnanger Sp har desse hovudmåla for den økonomiske politikken:

- Utgiftene skal ikkje vera større (pr. innbyggjar) enn i liknande kommunar.
- Styrking av økonomien må ikkje svekkja kvaliteten på tenestene.
- Det er eit langsiktig mål å auka inntektene til kommunen.



Meir mas om samanslåing?

Når me er i ferd med å få skikk på økonomien, står Senterpartiet òg fast på at me skal halda fram som eigen kommune. Det er framleis ingen grunn til å tru at tenestene i Samnanger vert betre ved å verta ein utkant i ein større kommune. Dessverre ser det ut til at samanslåingspresset kan verta brennaktuelt i neste periode òg. Kommunalminister Monica Mæland (H) har nemleg varsla nye rundar med kommunereform.

T.v.: Vinterflaum i Tysseelva

Senterutvikling og bustader i Samnanger

Det ser ikkje ut til at Samnanger får nye vegar (eller jernbane) med det første. Bjørkheim vil difor vera handelsstaden for dei fleste som bur i eller reiser gjennom Samnanger. Næringsdrivande må stort sett ta det økonomiske ansvaret for å utvikla dette vidare, men kommunen bør ha ei rolle som koordinator og tilretteleggjar. Badeplassen i Teigavika, som skal vera klar i 2020, er eit døme på korleis kommunen (her ved BOF) kan gjera Bjørkheim meir attraktivt.

Men ei senterutvikling på Bjørkheim treng ikkje tyda at *all* utvikling i Samnanger skal skje i Bjørkheimsområdet. Samnanger er alt no ein nokså sentralisert kommune der det er små avstandar mellom hovudtyngda av innbyggjarane. I dag bur $\frac{3}{4}$ av samningane på strekninga frå Ådland til Tysse og i Frølandsdalen, dvs. med køyretid på rundt 10 min. frå eine enden av dette området til den andre. Frå Tysse til Ådland ligg no òg alle kommunale bygg og institusjonar. Dei fleste nye bustadhús og bedrifter vil nok også koma i dette området utan at kommunen utan skal forsterka denne utviklinga med ein strengare sentraliseringspolitikk – heller ikkje av omsyn til klimautslepp.

Sp vil tvert imot at folk skal ha mange val når det gjeld kvar og korleis dei vil bu i Samnanger. Desentraliserte tomter skaper rom for utvikling og liv i større delar av kommunen. Relativt store, sjølveigande tomtar vil vera attraktivt for ein del av dei som vurderer å etablera seg i bygda. Men Samnanger må òg kunna tilby leilegheiter og mindre husvære for dei som ønskjer det.

Sp ønskjer ved neste rullering av arealplanen at det skal leggjast til rette for bustadbygging i Haukanes-området. Her er det rimeleg gangavstand både til Bjørkheim og til skulen på Gjerde.

Ung i Samnanger

Skal det busetja seg fleire folk i Samnanger, er våre eigne ungdomar den gruppa som er lettast å nå. Det er naturleg at mange unge reiser vekk for å få seg utdanning, men skal dei koma tilbake til bygda, må dei ha hatt ein god oppvekst i Samnanger. Dessutan må dei unge synast at Samnanger har noko å tilby når dei er ferdige med utdanninga, og skal etablera seg. Dette er nokre tiltak som kan knyta unge til Samnanger:

- Viss unge vaksne har hatt positive opplevelingar i barnehage og skule, kan det gje dei lyst til å bu i heimbygda. Det same gjeld deltaking i kultur- og idrettsaktivitetar.
- Ordninga med sommarjobb for ungdom i Samnanger bør gjeninnførast.
- Ein må vidareføra og utvida lærlingordninga. Dette er viktig for rekruttering til kommunale jobbar.

- Me vil jobba for at det skal vera attraktivt for unge å jobba og busetja seg i bygda. Derfor vil me innføra ein etableringsstønad på 50.000 for personar under 40 år som vel å kjøpa eller byggja bustad i Samnanger.
- Ein bør undersøkja om frivilligcentralen kan organisera eit prøveprosjekt med jamleg tilbod om ungdomsklubb i bygda.

Utdanning og idrett

Samnanger har gode skular og barnehagar, og dette er blant dei kommunale tenestene som brukarane har vore mest nøgde med. Hovudmålet må difor vera å føra dette vidare, samtidig som ein løyser nokre akutte problem.


- I samband med vurdering av nybygg til ungdomsskulen, bør ein greia ut trinnvis bygging av 1 – 10-skule (Gjerde eller Haukaneset) med idrettshall i direkte tilknyting til skulen.
- Me bør vurdera framhald av ordning med leksefri skule på barnetrinnet. Elles må ressursar og tid til leksehjelp disponerast der det er behov.
- Sp ønskjer færre assistenter og fleire fagutdanna i skulen.
- Samnanger bør vurdera å innføra Dovre-modellen i barnetrinnet, med tidleg innsats i barnehage og skule og kartlegging av alle elevar i 1. og 2. trinn. Tolærarsystemet fungerer alt no godt på ungdomsskulen.

<https://docplayer.me/70257919-Dovremodellen-oversikt.html>

Samferdsel

Akkurat no ser det ikkje ut som nye, store samferdselsprosjekt vil koma til Samnanger. Men Samnanger bør framleis ha tydelege standpunkt på dette saksfeltet, sjølv om det må verta omkampar for å vårt syn gjennom.

- Samnanger skal vera bompengefri sone.
- Sp vil arbeida for å få ein arm til Samnanger inn i planane for den nye Trengereidtunnelen.
- Det er i dag sterkt press på parkeringstilbodet i Arna. Me vil arbeida for å halda på Trengereid togstasjon, og betra høve til parkering der.
- Ny trasé for E134 ("Hordalandsdiagonalen") bør gå i bru over Samnangerfjorden framfor å følgja noverande fv.7.
- Samnanger bør støtta ein omkamp om traséen for E39: Viss ferjefri kyststamveg framleis er aktuelt, må det indre alternativet veljast og samordnast med E134.
- Senterpartiet er framleis positivt innstilt til lyntog gjennom Samnanger.



Når det gjeld lokale vgar, er vedlikehald første prioritet. I tillegg:

- Det bør arbeidast for å få fartshumpane mellom Steinsland og Tyssebrua høvla ned, slik at fartsgrensa kan hevast til 40 eller 50 km/t.
- Bommen i Kvitingen bør fjernast slik at vegen vert opna for ålmenta.
- Mål om gang- og sykkelvegar i samband med skular, bibliotek og andre stader det er tenleg med persontrafikk.

Sjølv om me ikkje har direkte kontroll med busstilbodet, er det viktig at me gjev tydeleg beskjed på fylkesnivå om kva me ønskjer. Det nye kommunestyret bør jobba for å:

- Få Samnanger inn i bussone 1 (Bergen).
- Betra rutetilbodet mot Fusa.
- Betra korrespondanse mellom ulike bussruter.

Helse og omsorg

Også dei tilsette i denne sektoren gjer ein god jobb i ein travel kvardag, men det er utfordringar både på kort og lang sikt. Om få år slår «eldre- og demensbølgja» inn over vår kommune òg. I dag er det rundt 130 personar over 80 år i Samnanger; ifølgje framskrivingane vil dette talet stiga til ca. 200 i 2030 og 300 i 2040. Kommunen må difor alt i denne perioden byrja å planlegga korleis ein skal møta dette.

- Å finna ei anna løysing på legevaktordninga er framleis eit svært viktig tema for Senterpartiet. Arna er det mest aktuelle og praktiske alternativet.
- I periodar er det vanskeleg å rekruttera og halda på tilsette i helsesektoren mellom anna pga. det krevjande arbeidet. Auka «grunnbemanning» kan vera éin måte å letta arbeidspresset på. Dette vil òg kunna få ned sjukefråværet.
- Eit anna tiltak som kommunen må vurdera, er å innføra ein «stabsmodell». Les om dette her: <https://sykepleien.no/2019/05/slik-jobber-sykepleiere-i-stab-pa-soreide-sykehjem>
- Ny velferdsteknologi og fleire hender i omsorgssyrka skal i samspel sikra best mogleg kvardag for brukarane. Men teknologi kan, og skal, aldri erstatta kjensla av omsorg som pleiepersonell kan gje.
- Kommunen bør starta planlegging av fleire sjukeheimslassar og omsorgsbustader.
- Kommunen må oppdatera den ruspolitiske handlingsplanen.

Næringsliv

Samnanger må gjera dei kommunale arbeidsplassane gode og attraktive, samstundes som det vert lagt til rette for privat næring og turisme. Det skal vera god tilgang på næringsareal i kommunen.

- Arbeidet med å etablira eit datasenter i Børldalen må halda fram. Dette kan gje nye arbeidsplassar og inntekter til kommunen.
- Det bør leggjast til rette for båtrute frå Osøyro til Tyssekaien, med bussing vidare til ulike sjåverdige stader i bygda.
- Ved Bjørkheim bør det setjast opp skilt med oppmading om frivillig betaling for kortidsparkering av bobil. Pengane skal gå direkte til eit turistfond som kan brukast på vidare tilrettelegging. Sjå meir om Bjørkheim under «Senterutvikling og bustadbygging i Samnanger».
- Kommunen bør jobba for å engasjera private interesser i å gjera Fossen bratte til ein endå større turistmagnet.



Fossen bratte

Natur, miljø og klima

Naturen og det tradisjonelle kulturlandskapet i Samnanger er både vakkert og ein viktig ressurs. Det er avgjerande at me så langt det er mogleg tek vare på det me har rundt oss, og at me arbeider med miljø og naturforvaltning både i eit lokalt perspektiv – og med tanke på dei globale utfordringane. Slik sett vil Sp at omsyn til natur, miljø og klima skal vera ein sjølvsagt del av vurderinga i all kommunal aktivitet. Men klimaarbeidet må vera effektivt og sosialt rettferdig – og ikkje prega av symbolsaker. Dei store klimatiltaka må dessutan gjerast nasjonalt og internasjonalt.

- Kommunen treng ei form for oppdatering av klimaplanen, som Senterpartiet i si tid tok initiativ til, eller eit «klimarekneskap» for å målretta eventuelle klimatiltak.
- Skular, barnehagar og kyrkjer bør kunna levera plast gratis sameleis som private husstandar.
- Kommunen skal undersøkja om det kan sparast pengar og energi ved å leggja solcellepanel på taket av kommunale bygg.
- Alle kommunale nybygg skal i hovudsak byggjast av norsk tre. Dette vil òg ha ein positiv klimaeffekt.
- Senterpartiet vil ikkje ha vindkraft i Samnanger. I staden bør ein oppgradera kraftverka våre.
- Elektrifisering av bilparken til Samnanger kommune bør halda fram etter kvart som det kjem billege og høvelege alternativ (4-hjulstrekk).
- Nye oppdrettsanlegg må vera lukka og utsleppsfree.
- Jordvern og lokal matproduksjon må takast omsyn til i alt planarbeid.
- Kommunen må vurdera å støtta tiltak å få hjortebestanden under kontroll, til dømes gjennom auka jakt.

Landbruk

Det er lite landbruk i kommunen, og kulturlandskapet gror att. Difor er det viktig å ta vare på det som er igjen.

- Det skal ikkje byggjast på dyrka mark.
- Det bør opnast for at ein kan søkja næringsfondet til nydyrkning / redyrking av land. 10.000 kroner per mål er ein høveleg sum.
- Sp vil leggja til rette for meir lokal matproduksjon og undersøkja moglegheit for lokalt slakteri, ev. mobilt slakteri.
- Sp vil oppmoda og støtta ei etablering av «Bondens marknad» på Tysse / Bjørkheim til dømes éin gong i månaden.
- Kommunen bør oppmoda til at dei med ledige teigar stiller dei til disposisjon for aktive bønder, særleg i uår slik me opplevde i 2018.

Valliste 2019



1. Øyvind Røen
(1959), Rødne



2. Monica Tjønna
(1973), Eikedalen



3. Magnus Erdal
(1992), Gjerde



4. Anne Gerd
Tandstad (1965),
Barmen



5. Arne Jørgensen
(1956), Utskot



6. Ingrid Haukanes
Røen (1984),
Steinsland



7. Frank-Georg
Jørgensen Davidsen
(1991), Lønnebakken



8. Hilde Maraas
Aarvik (1963),
Gjerde



9. Vidar Trengereid
(1965), Langeland



10. Anne Frøland
(1959), Frøland



11. Alf-Magnus
Tveiten Tandstad
(1998), Barmen



12. Roy Ove Eikedal
(1972), Eikedalen



13. Jarle Tveiterås
(1969), Jarland



Senterpartiet